

## VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag 27. mai 2020 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leing av utvalsleiar Kristian H. Rasset.

<b>MØTESTAD:</b>	Vindafjord Rådhus, formannskapssalen og Teams
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	Kl. 15.00 – kl. 16.25
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Kristian H. Rasset (BBL) på Teams, Olaug Mari Øen (Sp), Anne Tone Salte Andersen (H) og Knut S. Berge (Frp)
<b>FORFALL:</b>	Eivind Hetland (Krf), 1. vara Øyvind Oland (H) og 2. vara Inga Elise Steinsland (Sp)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	3. vara Gunnstein Koch (Krf) på Teams
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen. Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland på Teams – Deloitte AS
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Rådmann Yngve Folven Bergesen og økonomisjef Vegard Bang Kommunalsjef helse og omsorg Sigurd Gjerdevik på Teams i sak 8
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Utvalet stetta leiar i at sakene blir sendt ut enkeltvis, i tillegg til eit samla sakskart, til kvart møte. Utvalet ønskjer at alle enkeltdokument blir vidare sendt til medlemmene når dei blir motteke av sekretariatet.
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

## **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

### **SAK 06/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 06.05.20**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 06.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 27.05.20:**

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.05.20:**

*Protokoll frå kontrollutvalsmøte 06.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.*

### **SAK 07/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER**

16. Statusrapport pr. mai 2020
17. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn så langt i 2020
18. Protokoll frå generalforsamling i Haugaland Kraft AS 30.04.20
19. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Interkommunale Miljøverk 27.05.20
20. Innkalling til representantskapsmøte i Interkommunalt Arkiv i Rogaland 10.06.20
21. «Hvorfor er tilsyn og kontroll blitt så viktig?» – Kommunal Rapport 22.04.20

#### **Handsaming i kontrollutvalet 27.05.20:**

Utvalsleiar gikk igjennom referatsakene. Leiar sakna framleis ein meir dynamisk statusrapport, og han vil kome attende til det i neste møte.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.05.20:**

*Referatsaker 16 – 21 blir tatt til orientering.*

### **SAK 08/20 TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONS- PROSJEKT «ØKONOMISTYRING I HELSE OG OMSORG» - 2. GONGS HANDSAMING**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Økonomistyring i helse og omsorg» i samsvar med vedlagte prosjektplan/ med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei ramme på 100 timar.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 27.05.20:**

Leiar orienterte om bakgrunnen for saka. Forvaltningsrevisor Gjuvslund opplyste at problemstillingane no var oppdatert i tråd med utvalet sitt ønskje. Revisor vil kunne starte opp prosjektet i juni.

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til den oppdaterte prosjektplanen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.05.20:**

*Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Økonomistyring i helse og omsorg» i samsvar med vedlagte prosjektplan.*

*Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei ramme på 100 timar.*

**SAK 09/20 VINDAFJORD KOMMUNE - UTTALE TIL REKNESKAPEN FOR 2019**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtek uttale til årsrekneskapen 2019 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegga).

**Handsaming i kontrollutvalet 27.05.20:**

Utvalsleiar innleia. Rekneskapsrevisor Holst-Larsen hadde ei kort opplæring om kommunerekneskap og presenterte samstundes Vindafjord kommune sin årsrekneskap. Ho gjorde mellom anna greie for tidsfristar, rammeverk, kommunelova §14 og handlingsreglar. Revisor gjorde greie for skilnadene mellom driftsrekneskap, investeringsrekneskap og balansen.

Kommunen sitt resultat viste eit netto driftsresultat på 11,9 mill. kr, som utgjer 1,5 %. Investeringsrekneskapen viste at det var nytta 120,9 mill. kr til investeringar.

Revisor hadde avlagt rein revisjonsmelding og det var berre mindre alvorlege forhold som var peika på i årsoppgjersbrevet.

Rådmann og økonomisjef svara på spørsmål om mellom anna lånegjeld pr. innbyggjar og realistiske budsjetter.

Utvalsleiar fremma følgjande tillegg i uttalen til kommunestyret:

*Kontrollutvalet merker seg imidlertid at det både i 2018 og i 2019 har vore sær store meirforbruk i høve til det som har vore budsjettert. Ein kostnadsauke som tilsvarer tidlegare meirforbruk er heller ikkje teke inn i budsjettet for 2020. Kontrollutvalet finn difor grunn til å gi særskilt merknad om at det i kommunelova §14-4 er stilt tydeleg krav om realisme i budsjett og økonomiplan.*

Medlemmene stetta leiaren sitt framlegg, som blir innarbeidd i uttalen, før oversending til formannskap og kommunestyret.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.05.20:**

*Kontrollutvalet i Vindafjord vedtek uttale til årsrekneskapen 2019 med tillegg:*

*Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2019 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 1,8 millionar kroner.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 11,9 millionar kr. Det utgjer 1,5%, som er litt lågare enn i fjor, og litt under tilrådd nivå på 1,75%.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2019 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.19.*

*Kontrollutvalet merker seg imidlertid at det både i 2018 og i 2019 har vore sær store meirforbruk i høve til det som har vore budsjettert. Ein kostnadsauke som tilsvare tidlegare meirforbruk er heller ikkje teke inn i budsjettet for 2020. Kontrollutvalet finn difor grunn til å gi særskilt merknad om at det i kommunelova §14-4 er stilt tydeleg krav om realisme i budsjett og økonomiplan.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2019.*

## **SAK 10/20 REVIDERT MØTEPLAN FOR 2020**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande reviderte møteplan for 2020:

onsdag: 06.05, 27.05, (17.06), 09.09, 04.11, – kl. 15.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

### **Handsaming i kontrollutvalet 27.05.20:**

Utvalet stetta leiar sitt framlegg om å ha eit møte i juni. Medlemmene blei samde om å ha møtet tysdag 16.06.20. Det vil bli høve til å delta på rådhuset eller på Teams. Det blei elles ikkje gjort endringar i planen.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.05.20:**

*Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande reviderte møteplan for 2020:*

*onsdag 06.05 og 27.05, tysdag 16.06, onsdag 09.09 og 04.11, – kl. 15.00.*

*Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.*

## **YMSE**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

### **Neste møte: tysdag 16.06.20, kl. 15.00**

Ølen/Aksdal, 27.05.20

Kristian H. Risset  
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær